



# ÅRSMELDING FOR HORDALAND NEI TIL EU 2017

## Innleiing

Hordaland Nei til EU er eit aktivt fylkeslag innanfor kamporganisasjonen Nei til EU. Det meste av arbeidet i Hordaland Nei til EU er knyta til fylkesstyret, fylkesstyremøta samt deltaking på eigne og nasjonale aktivitetar, seminar, fylkesleiarmøte og rådsmøte. Arbeidet som skjer i fylkeslaget har utgangspunkt i arbeidsplan vedteke på årsmøtet, samt til den overordna arbeidsplanen for Nei til EU. Denne årsmeldinga tar for seg arbeidet i fylkeslaget i 2017, og vil i tillegg ha eit kort slutt-kapittel om viktig arbeid i 2018 så langt.

## Styret

Styret, vald på årsmøte 17. februar 2016, har hatt følgjande samansetjing:

Leiar	Gunnar Rutle
Nestleiar og fylkessekretær	Toril Mongstad
Styremedlem	Hildur Straume

Desse tre har også utgjort fylkesstyret sitt AU (arbeidsutvalet)

Styremedlem	Oddvar Skre
Styremedlem	Jorunn Skistad Holsen
Styremedlem	Sigmund Simmenes
Styremedlem	Rose Maiken Flatmo

Vararepresentant	Line Mosheim
Vararepresentant	Marcus Tananger
Vararepresentant	Fredrik Henriksen
Vararepresentant	Anna Nordlund

Ungdom mot EU har hatt representant i fylkesstyret i 2017, diverre har ikkje representanten hatt høve til å møta. Det er sendt både innkalling til fylkesstyremøta og referat frå møta til ungdomsrepresentanten.

## **Aktivitetar i fylkesstyret**

Det har vore i alt 10 styremøte i perioden. AU har i tillegg hatt nokre møte, og både styret og AU har kommunisert på e-post, sms og telefon i tida mellom møta. Styret har også hatt eit styreseminar i perioden.

Styret har ved to høve kome saman for sosialt samver, før sumarferien, og saman med Bergen Nei til EU, samt etter siste styremøte før årsskiftet.

I tillegg til dette har styremedlemmene delteke i ulike aktivitetar i eigen regi, og i regi av Nei til EU sentralt. Styret har også vore representert på årsmøte i ulike organisasjonar og parti.

Deltaking her har vore ut frå samanfallande interesse og for å informera om eigne saker i form av helsingar, stand og utdeling av materiell.

## **Medlemsutvikling**

Hordaland Nei til EU hadde 1736 betalande medlemmer pr 31.12.2017, mot 1866 året før. Som tala nedanfor syner, er det ikkje ei god utvikling i talet på medlemmer. Vervarbeid vil verta omtala seinare i årsmelding under kapittelet aktivitetar.

Medlemsutvikling i Hordaland Nei til EU

År	Talet på betalande medlemmer
2017	1736
2016	1866
2015	1808
2014	1822
2013	1945
2012	2031
2011	2110

Medlemsutviklinga på landsbasis Nei til EU

2017	20707
2016	22517
2015	23183
2014	24118
2013	25812
2012	27332
2011	28524

## **Aktivitetar i eigen regi**

### **Årsmøtet 17. februar**

Årsmøtet vart halde på Hotell Hordaheimen

**Seminar 18. februar** også på Hotell Hordaheimen

Dagen etter årsmøtet vart det arrangert eit seminar om EU og EØS. Ådne Naper, leiar i Telemark SV og Gunnar Rutle hadde innleiingar om høvesvis Telemarksmodellen og dei sokalla handelsavtalar (TTIP – TISA mfl)

Begge arrangementa samla rundt 20 personar.

### **Fagleg seminar 21. mars**

Tema for seminaret var EØS og EU.

Leiar Gunnar Rutle sto for velkomst og første innleiing. I tillegg var følgjande personar innleiarar: Lars M. Johnsen, leiar Vestnorsk Transportarbeiderforening, Anders Wahl, spesialrådgjevar og tidlegare leiar av For Velferdsstaten samt Jan Olav Andersen, leiar EL og IT-forbundet.

Delar av fagrørsla var med-arrangør for seminaret, representert ved Fagorganisasjonen Hordaland, Fagforbundet Hordaland, Vestnorsk Transportarbeiderforening, El og It-forbundet, avdeling Hordaland og Sogn og Fjordane. Det var godt frammøte, i overkant av 60 deltakarar, og eit vellukka seminar med gode attendemeldingar.

### **Politisk debattmøte 24. august**

Valåret 2017 prega ein del av aktivitetane våre, og 24. august vart det arrangert politisk debattmøte på Bergen Offentlege Bibliotek.

Representantar frå Høgre, AP, MDG, SV, SP og Rødt deltok. Gunnar Rutle og Toril Mongstad sto for innleiingane som var grunnlaget for vidare debatt og meningsutveksling.

### **Stands- og verve-verksemd gjennom året**

For å formidla kunnskap, informasjon og for å verva medlemmer, vart det arrangert stands i Bergen og i Nordhordland både i april og i september. Siste veka i april var også nasjonal verveveke. Det vart til saman 7 standsdagar i april i tillegg til aktiv ringing til medlemmer som var i utakt med betaling av medlemskontingenten, samt til nye potensielle medlemmer.

I juni / juli vart det arrangert stands to dagar i Nordhordland.

I samband med valkampen vart det ein ny runde med stands både i Nordhordland og i Bergen. I tillegg til å stå på stand, vart også to vidaregåande skular i Nordhordland vitja. I alt vart det 12 dagar med aktivitetar på stand i august / september.

Det har vore aktiv gjen-verving gjennom heile året, også for andre fylke som ikkje har hatt kapasitet til å gjera dette sjølve.

### **Utdeling av Standpunkt i valkampen**

Avisa vår, Standpunkt, kom med eige opplag i samband med valet. Det vart tinga 60.000 aviser til fylket, og tillitsvalde og medlemmer fekk ut omlag 53.400 aviser fordelt på dei fleste kommunane i fylket. Det aller meste vart levert i postkassar og ein del vart utdelt på stand og betalt distribusjon.

### **Studiesirkel hausten 2017**

Den 27. september starta fylkeslaget opp ny studiesirkel, temaet var EØS-melding I, EØS gjennom 25 år. Denne vart lagt opp som ein lesesirkel der Gunnar og Toril bytte på å ha ansvar for kvelden. Idar Helle, forfattar av meldinga, vart invitert til å innleia ein av kveldane. I alt 5 studiekveldar vart avvikla før årsskiftet.

## **Deltaking i aktivitetar i regi av Nei til EU sentralt**

### **Rådsmøte**

Det vart halde Rådsmøte i Oslo i mars og i november. Gunnar og Toril deltok. Hildur møtte for Kontrollkomiteen.

### **Fylkesleiarmøte**

Det har vore to fylkesleiarsamlingar i Oslo, i februar og i september. Toril og Hildur deltok i februar og Gunnar og Toril deltok i september. I tillegg har det vore fleire fylkesleiarmøte pr telefon, Gunnar og Toril har veksla på å delta på desse.

### **Nasjonal konferanse 3. og 4. mars**

Det vart arrangert ein større nasjonal konferanse i Oslo i dagane 3. og 4. mars. Gunnar, Toril, Oddvar og Hildur deltok. Ulike aktuelle tema sto på dagsorden.

### **Kvinnekonferanse 4. og 5. november**

Denne vart arrangert i Oslo. Jorunn og Anna deltok frå fylkesstyret, og Jane Nordlund deltok frå Bergen NtEU-styret.

### **Landbrukskonferanse 17. november**

Denne var også i Oslo. Toril og Hildur deltok.

### **Standpunkt**

Toril har vore i redaksjonen i Standpunkt, medlemsavisa vår.

### **Kontrollkomitéen i Nei til EU**

Hildur er medlem i NtEUs kontrollkomité. Hildur har møtt på begge rådsmøta. Komitéen har elles hatt kontakt og sakshandsaming på e-post.

### **Fondsstyret i Nei til EU**

Hildur er medlem i styret for NtEUs fond. Styret har hatt éitt fysisk møte, éitt telefonmøte og elles kontakt på e-post.

Gunnar har deltok i strukturkomiteen som hadde i oppdrag å sjå på organiseringa av Nei til EU.

## **Deltaking i aktivitetar i regi av andre.**

### **Trondheimskonferansen 2017 – 27. – 29. januar**

Toril, Sigmund og Hildur samt Sølvi Helen Møinichen (Bergen-styret) deltok

### **Europabevegelsen sitt årsmøte 16. februar**

Nei til EU var inviterte til å delta i eit møte i etterkant av årsmøtet, Morten Harper (utredningsleiar i Nei til EU) deltok i debatten og ein del medlemmer møtte som publikum.

### **Markeringar 8. mars og 1. mai**

Medlemmer deltok i begge desse arrangementa, utan at det var noka tydeleg markering frå vår side.

### **Etnemarknaden 10. - 13. august**

Toril og Jorunn deltok på marknaden.

Utover dette har ulike medlemmer av styret delteke i følgjande tilstellingar:

- Rødt Hordaland, årsmøte 12/2-2017 Gunnar deltok
- Hordaland Senterpartiet, årsmøte 10-11/2-2017 i Ullensvang. Sigmund og Jorunn var der (som medlemmer i SP), og dei helda årsmøtet frå HNtEU. Dei sto også på stand.
- Brexit-møte 27/2-2017 på Bergen Bibliotek, YATA var arrangør (Youth Atlantic Treaty Association Norway). Douglas Ferguson (Bergensstyret) hadde innlegg, Gunnar var også til stades.
- Hordaland Bonde- og Småbrukarlag, årsmøte 4-5/3-2017. Sigmund helda og hadde stand.
- Hordaland Bondelag, årsmøte 16-17/3-2017 i Ullensvang. Solveig Grønlien (Odda) helda og hadde stand.
- Bergen Nei til EU, årsmøte 5/4-2017. Fleire fylkesstyremedlemmer møtte.
- Studieforbundet Næring og Samfunn. Jorunn og Oddvar møtte på årsmøtet. Jorunn vart vald til ny kasserar.

## **Økonomi**

Regnskapet for 2017 vart ført av regnskapsfirmaet Vekstra Nord-Øst BA, avdeling Vingelen (Nord-Østerdalen, Hedmark).

Etter at ordninga med sentral fylkessekretær tok slutt i januar 2017, har fylket engasjert Karl-Sverre Holdal til å føra vidare arbeidet med tilrettelegging av bilag, utbetalingar og oversending til Vekstra. Dette har fungert godt. Karl-Sverre har motteke honorar på kr 10.000.-. Som lokal økonomiansvarleg har Hildur Straume følgd opp og ho har hatt ansvaret for å presentera økonomirapportar til styret.

## **UD-prosjekt 2017**

Fylkeslaget søkte også i 2017 om UD-midlar, men fekk ikkje innvilga pengar.

## **Kontor / lager**

Hordaland Nei til EU leigar lagerplass hos Rødt Bergen, Hans Tanksgate. Det har fungert greitt, sett bort frå ein lekkasje på ettersumaren. Rødt tok seg av dette.

## **Organisasjon**

Det har i 2017 vore tre aktive lokallag i Hordaland, Askøy, Bergen og Ullensvang. I tillegg har fylkesstyret hatt kontakt med fleire av kontaktpersonene i kommunar som ikkje har eige lag.

Me har ikkje fått fleire aktive lokallag i 2017, men det vert arbeid med å skipa lokallag på Osterøy og i Lindås.

Lokallag i Jondal og Odda vart vitja i Jondal mai 2017 av Oddvar og Hildur.

## **Pressemeldingar/leserbrev**

Styret har sendt inn ein del lesarinnlegg, og nokre få har kome på trykk. Det er framleis eit generelt problem å få lesarinnlegg på trykk, særleg gjeld dette BT.

## **Media, debatt og heimesida vår**

Hordaland Nei til EU har ei aktiv og oppegåande nettside og er også aktiv på andre sosiale mediar.

### **2018 – så langt**

Den store saka i 2018 så langt er Noreg sin eventuelle tilslutnad til energipakke III, energibyrådet og ACER. I denne kampen har fylkesstyret engasjert seg saman med Nei til EU sentralt, samt ei særskild aktiv fagrørsle.

Det har vore deltaking på større markeringar, som i Odda den 15. februar, samt at fylkeslaget sjølv har arrangert både studiekvelder og fagseminar om EØS og energibyråsaka. Det har vidare vore skrivingar lesarinnlegg samt at det har vore stands-aktivitet i Bergen, Odda og i Nordhordland.

Vidare har det vore tatt kontakt med lokale og sentrale politisk valde, dette med mindre hell ettersom det synes vanskeleg å få dei folkevalde i tale.

Fylkesstyremedlemmer deltok også i år på Trondheimskonferansen i januar, der energibyråsaka også sto høgt på sakskartet.